

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Avaldsnes

Emne:

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.
Er 61 år gl.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spm. 1.

Husmannsplasser er det no så vidt eg veit ingen att av. I den luten av heradet (Kvalavåg skulekrins) som ligg på vestsida av Karmöy, er det nokså uført og der er små gardar og ofte vanskeleg å koma fram med kjörety. Der vert bruk meir primitive måtar til høyberginga enn på innsida av öya. I mi ungdomstid slo dei så å seie alle stader der det voks gras. Ikkje i utemarka, men i alle klovar og krær elles. Graset frå utkantane vart mykje bore fram til turkestaden i forkle til bredslejentene. Når det galdt større mengder bruka dei kvitlar.

I dei siste 30 - 40 år slår dei alle stader minder ut-over. Dei tek no berre det beste. Resten vert bruka til beiter

I Kvalavågskrinsen var det fleire bruk som ikkje hadde og ikkje har hest. Serleg tidlegare bar dei der inn høyet i "ryggjabörer".

Spm. 2.

Stakk eller utlöa kjenner ein ikkje her. Hesje vert bruka mykje no. Mange stader er höymengda no så stor et det vert nok i hesja berre ved å grava så langt dei kan med höygaffelen. Elles kjörer dei gjerne noko til hesja med slede. Sume har sleperiva til dette. I gamle dagar (i min ungdom) brukast det ikkje hesje her. Alt høyet vart turka på marka.

Ved baring inn av turt høy, kunde dei når det var småhøy, bruka kvetel e.l., men det vart mest alltid bruka tog å bera på. Toget vart då lagt dubbelt med "hegl" i bukta. Hegla kunde anten vera av jern eller av "brakje" (einer). Ein "fengde høyet og la "fenjedne" tvers over det duble toget. Truleg var börene omlag 60 - 70 kg. Mannen som skulde bera böra, sette seg (etter at böra fyrst vart godt knept) ved sida av böra på den sida som snudde frå hegla. Han tok ein arm inn under kvart tog "fatler" (han bar på fatler, som det heitte). Gamle folk måtte ein hjelpa med å reisa seg med böra. Dei unge fann det skammeleg å la nokon hjelpa seg. Dei la seg godt bakover, kasta beina kvikvikt innunder seg og gav dermed böra med eit rykk fart framover i det same beraren reiste seg opp. Den lause enden (endane) på toget gjekk så framover eine oksla og beraren heldt det fast i hendene sine. Det var ein föremun i mange tilfelle det å bera høyet inn, slik at sume gjerne bar det inn sjölvom dei hadde hest, når det var stutt veg til löa. No kjörer nesten alle inn på høylove som ligg på slindrane. För kjörte dei inn på ~~ka~~ på love som låg jamt med tufta. Det var då tungt å lesse av høylasset. Når dei bar

höyet på ryggen, gjekk dei heilt opp i höystaen og slepte det av seg, og var dermed ferdig med det. Til höybering kunde det av og til verta brukt som ein slags stor kasse med tunne "remar" berre i kantene. Resten var fyllt ut med tynnt tog og vart bunde som ei slagst storbeint not.

Her er ikkje høge fjell, og löypestreng vert ikkje brukt her. Trillebåra har eg heller ikkje set at nokon brukar til höytransport.

Spm. 3. Overalt her kjörer dei höyet beinast frå turke- staden og til den vanlege höylöa.

Spm. 4. För mi tid vart det bruka sledar som gjekk på meiar - utan hjul. Eg kan så vidt hugsa at eg har set det i Kvalavåg. Det vanlege var frå mi barndomstid og utover å bruka ein såkalla "drågasle". Han hadde hjul i höveleg avstand bakanfrå og så "drjer" framme. Etter kvart har drøjene forsvunne slik at dei no brukar berre hjule under sleden og vanlege kjenreskjerer framme. Det kan også brukast heilt gjenomgåande skjeker (w blik at dei heil bakover til bakerste ende på sleden. Det vert gjerne kalla for sle "höysle" framleis, sjölvom det no retteleg berre er ei stor kjerra "höykjerra". Namnet "hjulsle" kan eg så vidt hugsa har vore i bruk. Så vidt eg hugsar var det det same som eg har nemnt for "Drågasle". Som ein vil forstå vert nesten alltid (både för og no) bruka ein større serskilt vogn til höykjöring (höisleden), og til kornkjöring. I siste tilfelle tok ein grindane av og bruka berre botnen.

Grindane vart laga av meir eller minder tynne og smale bord. I sume tilfelle kunde ein tidlegare sjå at dei bruka tjukkare bord med langt mellomrom, der dei batt i med tynnt tog. I det siste er dei avlagde. Grindane vart tidlegare alltid botne saman i hyrne med tog. Til å halda grindane på plass nede var det tappar som gjekk gjenom botnen av sleden. Grindane kalla ein berre for "höyslegrindar" (Det var sidegrindar og fram og bakgrind) No etter kvart vart det laga mange slags variasjonar etter som ymse slags avlessingsmåtar m.v. i lö tilseier. Det er også ein og annan som brukar 4-hjula höysle. Det er helst på større bruk, der dei har store hestar og lett innkjöring. Når ein lesser höyet i sleden må det alltid vera ein oppé i sleden og "trakka". Når det er ungar med vert dei serleg bruka til å "trakka i sleen", men skal det verta skikk på trakkinga må det vaksne folk til. Ein höysle som tek 2 skippund er rekna for ein stor sle.

Kornet vart, som nemnt kjört inn på sleden utan grindar. Til å halda lasset på plass vart bruka "tong" "latong". Det var ei rektangelforma rama som vart lagt oppå lasset. Det var 2 lange tynne bord som gjekk gjenom og var feste i tverrstock i bae endane. I den eine tverrstocken var det hol. Her vart festa eit tog som gjekk under sleden framfrå og bakover. I andre enden på tonga var ein tapp av horn feste i tverrstocken. Rund denne tappen tok ein så toget, stramde til og sette fast.

Arvidsson 14/4 1950
Påke

4399

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING